

MØTEINNKALLING

22.11.2016

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmann

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I NORDDAL KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**torsdag, 01.12.2016 kl. 14.00 på
Rådhuset**

SAKLISTE:

- Sak 18/16 - Godkjenning av møtebok frå møte 13. oktober2016
 - « 19/16 - Vedkomande praktisering av anbodsprinsippet, jf. sak 16/16
 - « 20/16 - Kontrollutval/sekretariat, revisjon og kommunestruktureformen
 - « 21/16 - Rekneskapsrapport per august 2016
 - « 22/16 - Vedkomande budsjett 2017 – Norddal kontrollutval
- Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Gudmund Relling
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
NORDDAL KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 31. mai 2016
Møtestad: Rådhuset kl. 14.00

Møtet vart leia av: Gudmund Relling.

Elles til stades: Solveig Linge Stakkestad og Kjell Reidar Hoel

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.
Frå kommunerevisjon møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.
Frå Norddal kommune møtte økonomisjef Anne Nygård.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 12/16
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 31. MAI 2016**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 31. mai 2016 blir godkjent.

**SAK 13/16
PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL I NORDDAL KOMMUNE**

Innstilling datert 05.10.2016 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

Det blir utført ein kontroll av korleis kommunen forvaltar sine eigarinteresser.

SAK 14/16**DRØFTING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON I NORDDAL KOMMUNE**

Saksdokument datert 05.10.2016 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Følgjande tema blir å vurdere i den vidare planlegginga:

1. Byggesaksbehandling
2. Vedlikehald av kommunale bygg
3. Pleie- og omsorg utanfor institusjon

SAK 15/16**EIGENVURDERING AV UAVHENGIGHEIT FRÅ REVISOR**

Saksdokument datert 05.10.2016 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 16/16**OPPFØLGING AV SAK 11/16 OM MASSEDEPONERING OG PRAKTISERING AV ANBODSPRINSIPPET**

Saksdokument datert 05.10.2016 frå kontrollutvalsekretariatet

Økonomisjefen orienterte om massedeponeinga og skriftleg materiale hadde blitt oversendt kontrollutvalet. Det vart også gitt ei orientering om praktisering av anbodsprinsippet og skriftleg materiale hadde blitt sendt ut før møtet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek saka til orientering.
2. Praktisering av anbodsprinsippet blir å kome tilbake til.

SAK 17/16**DRØFTING AV K-SAK 051/16 OM AVTALE MELLOM NORDDAL KOMMUNE OG FJORDHAGEN AS**

Saksdokument datert 05.10.2016 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet har i møte 13.10.2016 drøfta saka.
2. Kontrollutvalet vil kome tilbake til saka seinast når ein samarbeidsavtale ligg føre.

Gudmund Relling
leiar
(sign.)

Solveig Linge Stakkestad
medlem
(sign.)

Kjell Reidar Hoel
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Norddal kommune

Dato: 22.11.2016

**SAK 19/16
VEDKOMANDE PRAKTISERING AV ANBODSPRINSIPPET, JF. SAK 16/16**

I sak 16/16 vart det gjort vedtak om kome tilbake til saka. Dokumentasjonen som vart lagt fram i sak 16/16 ga eit godt inntrykk og tilnærminga til problemstillingane verka balansert. Her kom også fram kva arbeid som hadde blitt sett ut utan å vere i samsvar med regelverket.

Det er mange fallgruver i saksbehandling knytt til lov om offentlege innkjøp. Det er vidare fullt mulig å gjere feil når det gjeld bruk av rammeavtalane fordi ein trur eit arbeid fell inn under desse reglane medan det faktisk ikkje gjer det. Men kontrollutvalet har fått ei fyldig orientering om kommunen sin praksis og det kan vere grunnlag for å seie seg tilfreds med det i denne omgangen. Det kan likevel vere viktig å følgje opp vidare dette arbeidet på eit seinare tidspunkt med til dømes ei undersøking.

Rådmannen si utgreiing om temaet følgjer som vedlegg til saka.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

Saksgrunnlag:

Ref saksnummer 15/881 – Kontrollutvalet

Sak 11/16 i Kontrollutvalet 24. mai 2016, OPPFØLGING AV SAKER FRÅ FØRRE MØTE
« Praktisering av anbudsprinsippet i Norddal kommune»

Saksopplysningar:

Norrdal kommune er tilslutta Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre. For dei fleste varer og tenester med vesentleg volum tar Innkjøpssamarbeidet heile prosessen med anbod og å utarbeid avtale.

For enkelte varer og tenester gjennomfører Norddal kommune sjølv heile prosessen. Reglar for innkjøp er i økonomireglementet kapitel 8. Ein av prinsippa er «ved innkjøp med større verdi enn 100.000 NOK eks mva bør ikkje sakshandsaming og avgjerd gjerast av ein og same person åleine, men utførast med fleire personar involvert i prosessen.» Forvaltningslova sine reglar om habilitet skal gjelde.

Leverandørstatistikk for 2015 er vedlegg til saka. Der er alle innkjøp over kr 100.000 kommentert.

Kontrollutvalet nemnde spesifikt innkjøp av brøyteteneste. Brøytetenestene har nyleg vore ute på anbod. Etter intervju med sakshandsamar (06.09.2016) vert det gitt følgjande opplysningar:

Omtale av prosessen:Forarbeid inklusive vurdering av habilitet

Forarbeid med vurdering av behov va klart da den førre avtalen gikk ut etter brøytesesongen 2015/2016.

Habilitet er vurdert og dokumentert. Det har vore to saksbehandlarar i heile prosessen, og tre personar da anboda vart opna.

Utarbeide konkurransegrunnlag

Siste avtale vart brukt som mal. Det vart gjort endringar på beredskapsperiode etter vedtak i kommunestyret. Godtgjersle for beredskap vart fastsett for kvar rode i anbudsgrunnlaget. Konkurransen gjekk berre på brøytinga. Anbudet låg i Doffin i tre veker.

Evaluering og kontrakt

Brøytinga er delt opp i 10 roder. For 7 av rodene var det berre ein tilbydar. For ei rode var det to tilbydarar og for to roder var det tre tilbydarar. Tildeling av kontrakt vart gjor etter på førehand definerte kriterier.

Avtaleperiode

Det vart vald å ta avtale for fire nye år. Frå haust 2016 til og med vår 2020.

Saksvurdering og konklusjon:

Innkjøp som krev protokoll:

Det er avvik på å skrive protokoll for innkjøp mellom kr 100.000 og kr 500.000. Det vil rådmannen følgje opp.

Innkjøp over kr 500.000, som krev utlysing på Doffin:

Innkjøp av tenester som er vedteke i kommunestyret har i to tilfeller ikkje vore ute på anbod, da det i vedtaket har vore bestemt kven som skulle få avtalen.

Innkjøp av gatelys frå Mørenett AS er i grenseland. Delar av arbeidet kunne vore ute på anbod.

Anbod brøytekontrakt:

For anbodsrunder på brøytekontraktar har anbodsarbeidet vore gjennomført etter dei reglar og retningsliner som er gitt for offentlege anskaffelser.

Rådmannen si vurdering er at innkjøpsarbeidet i det store og heile vert gjennomført på ein forsvarleg måte. Bruk av innkjøpsprotokollar for å sikre konkurranse på mellomstore innkjøp vert innskjerpa.

Tor Helge Stavdal
rådmann

Nr	Reskontro	2015			Doffin
	Navn	Org.nr	Omsetning	Antall	
11751	Norddal Eigedomsselskap	991906010	17 999 996	13	Unntak (veileder s 31)
10116	Kommunal Landspensjonskasse - Klp	938708606	9 725 345	9	Unntak: ein leverandør
10412	Kommunalbanken As	981203267	8 482 216	17	Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre
10849	Tafjord Kraftproduksjon As	977461898	4 614 582	12	Konsesjonslovgivning
10321	Spk Forsikring	974760967	2 503 968	6	Unntak: ein leverandør
10399	Stordal Kommune	964980276	2 413 261	3	Unntak (veileder s 31)
10174	Busengdal Transport A/S	935426243	2 159 221	2	Anbud Muriparken, Doffin 18.03.13
12300	Ålesundregionen Interkomm.Miljøseskap	994717286	2 058 639	5	Unntak (veileder s 31)
11389	Skodje Kommune	964980454	1 647 630	8	Unntak (veileder s 31)
12455	Klp Kommunekreditt As	994526944	1 633 212	2	Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre
12448	Storfjorden Kyrkjelege Fellesråd	997535820	1 630 000	12	Tilskot - Kirkeloven § 15
10169	Ålesund Kommune	942953119	1 493 206	5	Unntak (veileder s 31)
12458	Tøndergård Skole	876663252	1 286 455	6	Unntak (veileder s 31)
12580	Nettbuss Midt-Norge As	981416767	1 059 745	9	Innkjøpssamarbeid M og R Fylkeskommune
10597	Ørskog Kommune	864978932	976 482	2	Unntak (veileder s 31)
10640	Nord-Vik, Nordiske Lægevikarer Aps	996594564	833 831	6	Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre
11698	Relacom As	987210001	700 070	2	Acos 11/833 Doffin - utan tilbydar
10058	Destinasjon Geirangerfjord - Trollstige	984412312	690 000	2	Vedtak i kommunestyret, avvik - ikkje vore på Doffin
12353	Mørenett As	912631532	685 458	2	Gatelys Muriparken, noko av arbeidet burde vore på anbud/Doffin
10064	Tafjord Marked As	982267005	657 274	2	Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre
12543	Valldal Fjernvarme	986987614	549 865	1	Unntak: ein leverandør
10055	Muritunet As	961721652	502 774	3	Gammelt kommunestyrvetak/faller bort iom nye avtaler om lv- samarbeid
10303	Fjordhagen A/S	984889461	501 690	5	Vedtak i kommunestyret, avvik - ikkje vore på Doffin

Innkjøpsprotokoll

10277	Valdal Idrettslag	975421937	490 000	2	Tilskot - ikkje omfatta av lova
10061	Kommunerevisjonsdistrikt Nr. 3	971562587	477 000	4	Unntak (veileder s 31)
12145	Protector Forsikring Asa	985279721	435 107	3	Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre
10060	Klp Skadeforsikring	970896856	429 001	2	Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre
12656	Ks Møre Og Romsdal	971032146	389 224	3	Unntak: en leverandør
11548	Ålesund Brannvesen Kf	987780657	363 327	2	Unntak (veileder s 31)
10596	Veidekke Industri As	913536770	341 856	3	Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre
12088	Nordre Sunnmøre Kemnerkontor	994487272	336 689	1	Unntak (veileder s 31)
11910	Åknes/Tafjord Beredskap	893276882	332 248	1	Unntak (veileder s 31)
12452	Sunde Entreprenør As	997129547	309 339	3	Anbod brøyting, Doffin 29.03.12
12165	Stenvåg Karl Petter	895006122	294 163	3	Anbod brøyting, Doffin 29.03.12 og 15.05.12 - ikkje tilbydar
10154	Stranda Kommunekasse	964980098	276 631	2	Unntak (veileder s 31)
11221	Stamina Hot Helse As	884039312	255 260	2	Gamal avtale, vi ber om nytt tilbod
12684	Stiftinga Kraft- Og Skredsenter I Tafjo	998263506	250 000	1	Tilskot - ikkje omfatta av lova
12243	Ambio Helse As	993278467	247 905	2	Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre
10279	Almstad Mini Maskiner As	984409605	234 388	2	Anbod brøyting, Doffin 29.03.12
12573	Gjensidige Forsikring Ba	995568217	230 875	1	Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre
12138	Si-Reiser As	989663445	211 760	1	Avvik- ikkje skreve protokoll
12313	Ålesund Kommune	982330459	128 836	1	Unntak (veileder s 31)
12835	Døving Mette/Osvik Torbjørn	969976633	118 225	1	Erstatning - ikkje omfatta av lova
10276	Norkart A/S	934161181	118 061	1	Gamal avtale, brukarlissensar kartsystem
12690	System-Electro Norddal As	912648974	110 917	1	Gamal avtale, vert føld opp med ny anbudsrunde
10311	Selboskar - Relling Maskin As	986516409	101 210	1	Rammeavtale anleggsarbeid, Doffin 30.05.14
12084	Landbruk Nord-Vest	984468822	100 000	1	Tilskot - ikkje omfatta av lova
12873	Stiftinga Sunnmøre Museum	989377132	100 000	1	Avvik- ikkje skreve protokoll

SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Norrdal kommune

Dato: 22.11.2016

SAK 20/16
KONTROLLUTVAL/SEKRETARIAT, REVISJON OG KOMMUNE -
STRUKTURREFORMEN

Inndelingslova av 15. juni 2001 nr. 70 og forarbeida til denne Ot.prp. nr. 41 (2000-2001) set dei lovmessige rammene for kommunesamanslåingsprosessen.

Nedanfor vil eg liste opp nokre av dei forholda som er viktig å ha kunnskap om.

Inndelingslova har ikkje heimel til å etablere felles kontrollutval fram til ny kommune er etablert slik at eksisterande kontrollutval fungerer inntil ny kommune er etablert.

Inndelingslova § 25 føreset at fellesmøtet mellom dei aktuelle kommunestyra som fylkesmannen kallar inn til etter at det er gjort vedtak om samanslåing skal drøfte val av revisor for fellesnemnda. Val av revisor skal skje i dei respektive kommunestyra. Vanleg prosedyre er at kontrollutvala i kommunen innstiller i saka.

Fellesnemnda kan få fullmakt til å velje revisor i den nye kommunen. Kontrollutvala i dei samanslåande kommunane skal gi kvar si innstilling.

Når det gjeld folkevald kontroll med verksemda i fellesnemnda, bør den ligge til den enkelte kommune sitt kontrollutval. Dette går fram av Odelstingsproposisjonen nemnt ovanfor under pkt. 8.2.3.

Fellesnemnda kan få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon og kontrollutvalsekretariat. Kontrollutvala skal avgi innstilling i saker om val av sekretariatsordning. Til å utgreie ei slik sak bør det nyttast eit settesekretariat.

Kontrollutvala bør etter at vedtak om samanslåing er gjort vurdere å endre fokus frå det å sjå bakover til eit meir «her og no» fokus. Det kan vere aktuelt å be rådmannen om hyppige orienteringar om prosessen. Kontrollutvala bør ha fokus på m.a. internkontroll, interkommunalt samarbeid og eigarstyring.

Eit spørsmål som må bli avklara er kva revisor skal uttale seg om i forhold til fellesnemnda sitt arbeid og kven revisor skal rapportere til. Det er ikkje gitt reglar om rekneskap for fellesnemndene og kva rekneskapen vil omfatte kan truleg variere ut frå korleis nemndene er

organisert. I følge Odelstingsproposisjon bør den folkevalde kontrollen av fellesnemnda ligge til kvar kommune sitt kontrollutval og kopi av revisor si rapportering bør derfor gå til kontrollutvala.

Når det gjeld forvaltningsrevisjon bør det bli vurdert kva som er mest relevant. Planen bør vere fleksibel og innretta på forhold som skjer i samanslåingsprosessen. Selskapskontrollen bør ha fokus på kvaliteten på kommunane si forvaltning av eigarskap samt behov for framtidig interkommunalt samarbeid.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Norddal kommune

Dato: 22.11.2016

SAK 21/16
REKNESKAPSRAPPORT PER AUGUST 2016

Som vedlegg følger:

- Kommunestyresak 093/16

Av budsjettforskriftene § 10 går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyret om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet. Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løyvingane som er nødvendige for å sikre/oppretthalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også mulige tiltak innanfor budsjetttrammene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

Av vedlegget går det fram at kommunen ventar eit underskot.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

1. Kontrollutvalet vil understreke kor viktig det er at rådmannen opprettheld fokuset på økonomistyringa.
2. Kontrollutvalet tek saka til orientering

Harald Rogne
dagleg leiar



Saksframlegg

Rekneskapsrapport per august 2016

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
116/16	Formannskapet	17.10.2016
093/16	Kommunestyret	27.10.2016

Utsendte saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
08.10.2016	Tertialrekneskap per august 2016	135284

Rådmannen si innstilling:

1. Kommunestyret tek rekneskapsrapport for 2. tertial til vitande
2. Kommunestyret vedtek regulering av budsjettet for sentralt lønsoppgjjer, fordeling mellom sektorane:

Rådmann - reservert	-1 474 000
lønsoppgjjer	
Fellesteneste	58 000
Helse og omsorg	849 000
Skule og barnehage	469 000
Teknisk, næring og miljø	98 000

3. Kommunestyret vedtek regulering av budsjettet for endringar i pensjonspremieavvik, fordeling mellom sektorane:

Rådmann	-47 000
Fellestenester	-213 000
Helse og omsorg	-2 033 000
Skule og barnehage	-641 000
Teknisk, næring og miljø	-366 000
Reguleing mot premieavvik, avsett under rådmannen sitt budsjett	3 300 000

Kommunestyret 27.10.2016

Økonomisjefen og rådmannen orienterte i saka.

Røysting:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

KS-093/16 Vedtak:

1.

Kommunestyret tek rekneskapsrapport for 2. tertial til vitande.

2.

Kommunestyret vedtek regulering av budsjettet for sentralt lønsoppgjer, fordeling mellom sektorane:

Rådmann - reservert lønsoppgjer	-1 474 000
Fellesteneste	58 000
Helse og omsorg	849 000
Skule og barnehage	469 000
Teknisk, næring og miljø	98 000

3.

Kommunestyret vedtek regulering av budsjettet for endringar i pensjonspremieavvik, fordeling mellom sektorane:

Rådmann	-47 000
Fellestenester	-213 000
Helse og omsorg	-2 033 000
Skule og barnehage	-641 000
Teknisk, næring og miljø	-366 000
Reguleing mot premieavvik, avsett under rådmannen sitt budsjett	3 300 000

Formannskapet 17.10.2016

Samrøystest i samsvar med rådmannen si innstilling.

FS-116/16 Vedtak:

Innstilling til kommunestyret: 1.

Kommunestyret tek rekneskapsrapport for 2. tertial til vitande

2.

Kommunestyret vedtek regulering av budsjettet for sentralt lønsoppgjer, fordeling mellom sektorane:

Rådmann - reservert lønsoppgjer	-1 474 000
Fellesteneste	58 000
Helse og omsorg	849 000
Skule og barnehage	469 000
Teknisk, næring og miljø	98 000

Kommunestyret vedtek regulering av budsjettet for endringar i pensjonspremieavvik, fordeling mellom sektorane:

Rådmann	-47 000
Fellestenester	-213 000
Helse og omsorg	-2 033 000
Skule og barnehage	-641 000
Teknisk, næring og	

miljø
under rådmannen sitt budsjett 3 300 000

-366 000Reguleing mot premieavvik, avsett

Saksgrunnlag:

I forskrift om årsbudsjett for kommuner og fylkeskommuner § 10 står det at rådmannen gjennom året skal legge fram rapport for kommunestyret. Rapporten skal vise inntekter og utgifter i henhold til vedteke budsjett.

Økonomireglementet seier at kommunestyret skal ha budsjett rapport kvart tertial. Vesentlege avvik skal kommenterast særskild med opplysning om kva tiltak som vert sett i verk for å nå fastsette mål. Prognoser for resten av året skal takast med.

Saksopplysningar:

Det er utarbeid rekneskapsrapport per 31. august 2016, som er vedlegg til saka.

Hovudtrenden er at prognosen på meirforbruk er redusert gjennom året. Alle einingane har arbeida målretta for å redusere utgiftene samtidig som frie inntekter og finanspostane har gitt høgare ramme.

Frie inntekter og finanspostar:

Vi har motteke skjønnsktilskot på kr 450.000, som ikkje var budsjettert. Skjønnsktilskotet skal dekke ekstra utgifter med regional beredskapsplan.

Renteutgiftene er redusert, og prognosen er at det kan verte kr 300.000 mindre enn det som er budsjettert. Det er lagt fram forslag om å gjere om fastrentelån til lån utan faste avdrag. Dette kan gi kr 500.000 i reduserte avdragsutgifter.

Utbyttet frå Tafjord Kraft vart kr 400.000 høgare enn budsjettert.

Verdiane på fondsforvalta midlar varierar mykje få månad til månad. Ein tør ikkje sette noko ny prognose på dette.

Driftsutgifter:

Sentraladministrasjon har ei prognose på mindreforbruk på om lag kr 450.000 for heile 2016. Sektoren skule og barnehage, som også har barnevern, reknar med balanse på skulane og barnehagane. Barnevernet har ei prognose på meirforbruk på kr 300.000.

Helse og omsorg har gjort vesentlege reduksjonar i drifta i 2016, men det er også endringar som går andre vegen. Prognosen er eit meirforbruk på 2,2 millionar.

Teknisk, næring og miljø har brukt mykje av personalressursane i arbeid på investeringsprosjekt. Dersom det vert vedteke å belaste prosjektet Martin Linge huset med 1,5 millionar, er prognosen at TNM får eit meirforbruk på om lag kr 600.000.

Budsjettregulering:

Regulering av lønsutgiftene er gjennomført før vedtak for å få eit meir korrekt bilde av situasjonen for einingane ettersom lønstillegget vart utbetalt i juli. Budsjettreguleringa som er føreslått i punkt 2 er med i talgrunnlaget som vert lagt fram. Regulering mellom sektorane må vedtakast av kommunestyret sjølv.

Føreslått regulering av pensjonspremieavviket vert lagt fram etter at vi har fått den nye prognosen frå KLP. Prognosane frå KLP varierer mykje frå år til år. Så langt ein kan sjå er den nye prognosen ei regulering mellom premiebetaling og premieavvik, og vil ikkje gje vesentleg endring i resultatet/kostnaden. Endeleg resultat av premie og premieavvik får ein etter aktuarberekningane i januar 2017.

Uttale frå:**Saksvurdering og konklusjon:**

Rådmannen berømt heile organisasjonen for å ha jobba godt for å redusere utgiftene, og at det har gitt synlege resultat.

Prognose på eit meirforbruk på om lag 1,8 millionar er etter bruk av overskotet frå eigedomsselskapet og kommunen i 2015, på kr 885.000. Det vil seie at driftsnivået er om lag 2,5 millionar over inntektsgrunnlaget.

Ramma for 2017 – 2020 som formannskapet vedtok er 5 millionar under 2016-ramma. Sjølv med ei relativt optimistisk prognose for 2016, må ein fortsette den prosessen som har start for å redusere driftsnivået.

Rådmannen fin det ikkje naturleg å regulere budsjettet i forhold til prognose, da det ikkje er lov å budsjettere med underskot.

Tor Helge Stavdal
rådmann

REKNESKAPSRAPPORT

31.8.16

NORDDAL KOMMUNE



Innhold

1. Driftsrekneskap	2
1.1 Rekneskapsskjema 1 A.....	2
1.2 Kommentar til frie inntekter/finans/avsettingar	3
1.3 Rekneskapsskjema 1B.....	4
1.4 Kommenterar drift.....	4
2. Investeringar.....	9

1. Driftsrekneskap

1.1 Rekneskapsskjema 1 A

Budsjettskjema 1A	Rekneskap 31.08.2016	Periode- budsjett 31.08.2016	Avvik	Regulert budsjett 2016	Prognose 2016
Skatt på inntekt og formue	-30 853 883	-31 660 575	-806 692	-35 627 000	-34 600 000
Naturressursskatt			0	-10 000 000	-10 000 000
Ordinært rammetilskott	-46 954 004	-45 154 610	1 799 394	-68 991 000	-70 000 000
Skatt på eidegom	-10 044 389	-10 050 000	-5 611	-20 100 000	-20 100 000
Konsesjonskraft	-2 075 019	-2 335 200	-260 181	-4 000 000	-4 000 000
Andre generelle statstilskott			0		
Sum frie disponible inntekter	-89 927 295	-89 200 385	726 910	-138 718 000	-138 700 000

Renteinntekter og utbytte	-1 789 883	-1 554 097	235 786	-2 050 000	-2 050 000
Gevinst finansielle instrumenter			0	0	0
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	4 002 770	4 243 083	240 313	5 951 000	5 650 000
Kalkulatoriske renter sjølvkost			0	-260 000	-260 000
Tap finansielle instrumenter	0	0	0	500 000	500 000
Avdrag på lån	8 533 169	8 627 094	93 925	12 180 000	11 680 000
Netto finansinntekter/utgifter	10 746 056	11 316 080	570 024	16 321 000	15 520 000

Til dekning av tidligere års meirforbruk				0	0
Til ubundne avsettingar				200 000	0
Til bundne avsettingar	19 630	0	-19 630	3 000 000	3 000 000
Bruk av tidligere års mindreforbruk				0	0
Bruk av ubundne avsettingar				-885 000	-885 000
Bruk av bundne avsettingar				-3 000 000	-3 000 000
Netto avsettingar	19 630	0	-19 630	-685 000	-885 000
Motkonto kapitalkostn. sjølvkost				-620 000	-620 000
Overført til investeringsrekneskapet				0	0

Til fordeling drift	-79 161 609	-77 884 305	1 277 304	-123 702 000	-124 685 000
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)				123 802 000	126 450 000
Rekneskapsmessig meir (-)/mindreforbruk	0			0	- 1 765 000

Avvik:

*positivt tal = positivt avvik, mindreforbruk/meirinntekter

*negativt tal = negativt avvik, meirforbruk/mindreinntekter

1.2 Kommentar til frie inntekter/finans/avsettingar

Skatt/Rammetilskot:

Regulert budsjett for skatteinntekter og rammetilskot er ut frå grunnlaget frå statsbudsjettet som vart vedteke i desember 2015.

På heimesida til regjeringa.no finn ein anslag for dei frie inntektene for 2016:

<https://frieinntekter.regjeringen.no/frie-inntekter-2016/more-og-romsdal/norddal/>

Anslag skatteinntekter		46 257 000
Totalt rammetilskot		68 991 000
Slik vert rammetilskotet berekna:		
Innbyggjartilskot før omfordeling	37 856 000	
Omfordeling:		
Utgiftsutjamning	24 070 000	
Korreksjon for elevar i statlege og private skular	662 000	
Tilskot med særleg fordeling	390 000	
Inntektsgarantiordning	508 000	
Regionalpolitiske tilskot:		
Småkommunetilskot	5 475 000	
Skjønntilskot	30 000	
Anslag frie inntekter for Norddal kommune 2016		115 248 000

Med utgangspunkt i regjeringa sitt anslag på skatteinntekter har vi periodisert inntektene per månad ut frå erfaringstal dei tre siste åra. Ved utgangen av august er inntektsførte skatteinntekter kr 800.000 mindre enn budsjettet. Det vil ikkje vere realistisk å oppnå det skatteanslaget som regjeringa legg til grunn. Prognosen er ein svikt i skatteinntektene på om lag 1 million i høve budsjett.

Rammetilskotet er 1,8 millionar høgare enn periodisert budsjett. Når skatteinntektene er låge, vil inntektsutjamninga ikkje bli så stor, og vi får kompensert noko av manglande skatteinntekter gjennom rammetilskotet. Norddal kommune har fått tildelt kr 450.000 i skjønntilskot (som er ein del av rammetilskotet). Prognosen for rammetilskot er om lag 1 million meir, tilsvarande nedgang i skatteinntektene.

Skatt på eigedom:

Eigedomsskatt er om lag som regulert budsjett.

Konsesjonskraft:

Konsesjonskraft er seld på årskontrakt med fast pris og prisen vi betalar for krafta er fast. I tillegg til å betale for konsesjonskrafta må vi betale for innmating av konsesjonskrafta til nettet. Denne kostnaden varierar noko og så langt i 2015 har den vore låg. Prognosen for netto på konsesjonskraft er som budsjett.

Finans

Renteinntekter og utbytte:

Utbytte i Tafjord Kraft vart om lag kr 400.000 høgare enn budsjettert.

Renteutgifter/finansutgifter:

I budsjettet for 2015 er det lagt til grunn gjennomsnittleg flytande rente på 1,75 % p.a. Per august er 3 mnd nibor på 1,08 % pluss margin på 0,4 – 0,7 %. Prognosen er at renteutgiftene vil bli om lag kr 300.000 under regulert budsjett. Forvaltninga i Sparebanken Møre hadde ei negativ utvikling på verdiane på elverkfondet til og med juni. I august har trenden snudd og hittil i 2016 er avkastninga som budsjettert.

Avdrag på lån:

Prognose er lik budsjett. Det kan vere mogleg å redusere avdragsbetalinga med om lag kr 500.000 dersom det vert vedteke å regulere enkelte lån til å vere avdragsfrie.

Kalkulatoriske renter/kapitalutgifter:

Dette er renter og avskrivningar knytt til sjølvkostområda. Desse utgiftene går inn i sjølvkostkalkulasjon og vert rekna inn i og betalt gjennom avgiftene. Det er også lagt inn kapitalutgifter til distribusjonsnettet for fjernvarme.

Avsettingar:

Disponering av resultat for eidselskapet og kommunen for 2015 vart vedteke å overføre til ubundne fond. Ved budsjettregulering i juni vart det budsjettert med å bruke dette.

1.3 Rekneskapsskjema 1B

Budsjettskjema 1B	Rekneskap 31.08.2016	Periode- budsjett 31.08.2016	Avvik	Regulert budsjett 2016	Prognose 2016
Rådmann	2 927 285	3 115 513	188 228	1 876 345	1 700 000
Fellestener	7 107 554	7 581 618	438 014	9 650 540	9 350 000
Skule og barnehage	25 845 275	25 632 891	-249 391	40 679 921	41 000 000
Helse og omsorg	37 763 793	36 171 467	-1 457 966	53 166 960	55 400 000
Teknisk, næring og miljø	14 568 927	13 812 026	-936 191	18 328 234	19 000 000
Fordelt til drift	88 212 834	86 313 515	-2 017 306	123 702 000	126 450 000

Avvik:

*positivt tal = positivt avvik, mindreforbruk

*negativt tal = negativt avvik, meirforbruk

1.4 Kommenterar drift

I det følgjande vert det gjeve ein del kommenterar til budsjettområda. Dette bygg i stor grad på tilbakemeldingar frå kommunalsjefane. I tillegg er nokre vurderingar gjort av rådmannen.

Rådmann:

Politisk styring, revisjon, reservert lønsoppgjjer, pensjonspremieavvik og kyrkja er dei ansvarsområda som er lagt til rådmann, i tillegg til rådmannsleiinga.

	Regnskap 31.08.2016	Budsjett 31.08.2016	Avvik 31.08.2016	Budsjett 2016
1 Rådmann				
Politisk styring	609 691	724 611	114 919	1 478 000
Revisjon	463 869	495 363	31 495	687 000
Rådmannsleiing	833 725	875 539	41 813	1 810 470
Reservert lønsoppgjjer	0	0	0	239 875
Pensjonspremieavvik	0	0	0	-3 923 000
Kyrkja	1 020 000	1 020 000	0	1 530 000
Andre livssyn	0	0	0	54 000
	2 927 285	3 115 513	188 228	1 876 345

Mindreforbruk innafor området er per august i hovudsak refusjon på kr 100.000 frå kommunaldepartementet for utgifter til kommunereform. Det var ikkje budsjettert med noko refusjon.

Reservert lønsoppgjjer

Det sentrale lønsoppgjjeret for 2016 er regulert i budsjettet per august, med overføring frå felles avsetning til sektorane. Rest avsetning på kr 240.000 er til lokale lønsforhandlingar. Prognosen er at det vil vere tilstrekkeleg.

Pensjonspremieavvik

Prognosen for premieavviket frå KLP var hausten 2015 på 4,5 millionar positiv (inntekt). Ny prognose per september er på 1,6 millionar. Prognose for betaling av premie var henholdsvis 15,0 og 12,4 millionar. Ei vriding til mindre å betale i premie er gunstig for likviditeten. Amortisering av tidlegare års premieavvik er berekna til 1,2 millionar. Endring mellom pensjonspremie og pensjonspremieavvik må budsjettreguleras ettersom premieavviket ikkje er fordelt på einingane. Fordelinga under er inklusive arbeidgjevaravgift.

	Regulering pensjon
Rådmann	-47 000
Fellestenester	-213 000
Helse og omsorg	-2 033 000
Skule og barnehage	-641 000
Teknisk, næring og miljø	-366 000
Regulering mot premieavvik, avsett under rådmannen sitt budsjett	-3 300 000

Fellestenester:

Fellestenestene består av servicetorget, IKT, personal og økonomi, beredskap og flyktningteneste. Samla er det eit mindreforbruk.

	Regnskap 31.08.2016	Budsjett 31.08.2016	Avvik 31.08.2016	Budsjett 2016
2 Fellestenester				
Fellestenester	6 435 852	6 819 385	383 533	9 335 715
Flyktingteneste	446 890	515 123	68 233	4 800
Beredskap	260 862	247 110	-13 752	310 025
	7 143 604	7 581 618	438 014	9 650 540

Det er ikkje budsjettert med refusjon sjukepengar, men gjennom året har samla langtidsfråver utløyst refusjonsbeløp tilsvarande om lag kr 100.000.

Det er mindreforbruk på kontingentar. Budsjettert kontingent til LVK er bokført på ansvar for sal av konsesjonskraft, for å få korrekt Kostra-teneste. Dette utgjer i underkant av kr 100.000. I tillegg er det innsparing på fleire utgiftspostar på dei ulike ansvara.

Flyktingtenesta har eit mindreforbruk på kr 68.000, der det var budsjettert med mottak av 10. Prognosen for flyktingtenesta er at den vil få eit mindreforbruk dersom ein tar i mot 5 nye flyktingar før nyttår. Tilskotet for dei nye flyktingane kjem same året som dei vert busette, sjølv om ikkje kommunen får vesentlege utgifter.

Prognosen for eininga er eit mindreforbruk på kr 300.000 for heile året.

Skule og barnehage:

	Regnskap 31.08.2016	Budsjett 31.08.2016	Avvik 31.08.2016	Budsjett 2016
4 Skule og barnehage				
Fellesområde skule/bhøg	1 514 579	1 537 048	22 468	3 081 000
Valldal skule	10 410 027	10 374 539	-35 488	16 380 254
Eidsdal skule	5 227 080	5 246 612	19 532	7 928 213
Dalsbygda barnehage	1 470 642	1 367 739	-102 903	2 167 331
Syltebøen barnehage	4 105 550	4 216 219	110 669	6 479 292
Kulturskulen	945 763	856 112	-89 651	1 219 132
Kultur	837 754	861 922	24 168	934 025
Frivilligsentralen	8 594	1 469	-7 125	230 342
Bibliotek	570 286	618 630	48 345	940 332
Barnevern	792 006	552 600	-239 406	1 320 000
	25 882 282	25 632 891	-249 391	40 679 921

Barnevern har eit meirforbruk. Per april var prognosen at det kunne bli eit meirforbruk på kr 600.000 på året. Kommunalsjef har regulert mellom ansvara sine, slik at innsparingar på mellom anna Syltebøen barnehage er overført til barnevern. Sjølv med denne reguleringa er prognosen at det vert eit meirforbruk på kr 300.000 på barnevern. Barnehage, skule og kultur vil balansere.

Helse og omsorg

	Regnskap 31.08.2016	Budsjett 31.08.2016	Avvik 31.08.2016	Budsjett 2016
3 Helse og omsorg				
Fellesområde helse/PLO	1 048 446	-1 311 171	-2 359 616	-1 757 970
Helse	5 509 013	5 241 993	-267 019	8 131 082
Sosial-NAV	672 702	682 641	9 939	1 133 400
Pleie og omsorg - heimetenester	15 622 383	16 265 775	643 391	21 928 165
Pleie og omsorg - institusjon	14 776 890	15 292 229	515 340	23 732 283
	37 629 434	36 171 467	-1 457 966	53 166 960

Under budsjettprosessen vart budsjettet for helse og omsorg redusert med 4 millionar utan at det var vedteke tiltak som kunne gi ein slik reduksjon. Rapporten frå prosjektgruppa som skulle sjå på pleie og omsorgstenesta ga ikkje anbefaling på tiltak som kunne ein reduksjon på kort sikt.

Uspesifisert kutt på 4 millionar er lagt til Fellesområde helse/PLO, for å ha kontroll på dei øvrige ansvarsområda.

Helseavdelinga har eit meirforbruk, som i hovudsak kjem av etterslep på vaktgodtgjersle for desember 2015. I tillegg er det mindre inntekter enn budsjettert.

NAV hadde eit større avvik per april. Det var utbetaling av sosialhjelp som var vesentleg over budsjett. I løpet av sommaren har kommunen fått tilbakebetalt noko frå NAV Stat, slik at situasjonen har retta seg opp.

Heimetenestene har mindreforbruk i høve opphavleg lønsbudsjett for eininga. Dagtilbod for demente har motteke tilskot frå departementet på kr 80.000. Dette var ikkje budsjettert. Budsjettert refusjon for ressurskrevjande brukarar var ut frå dei refusjonsreglane som var gitt hausten 2015. Endringane som revisjonen gjorde for 2015 vil gje utslag for 2016, og prognosen er at ein får kr 400.000 mindre enn budsjettert. Husleigeinntektene er noko mindre enn budsjettert.

Valldal sjukeheim har eit mindreforbruk i høve opphavleg budsjett.

Prognosen for området er eit meirforbruk på om lag 2,2 millionar.

Skjønsmessig beløp til frådrag i ramme (budsjettvedtaket)	4 000 000
Mindreinntekt legekantor	300 000
Mindreinntekt personar med nedsett funksjonsemne	400 000
Sum tiltak reduksjonar	-2 500 000
Sum venta underdekking ved årsslutt	2 200 000

Teknisk, næring og miljø

	Regnskap 31.08.2016	Budsjett 31.08.2016	Avvik 31.08.2016	Budsjett 2016
5 Teknisk, næring og miljø				
Fellesområde TNM	511 361	482 315	-29 046	859 000
Teknisk drift	3 791 774	3 594 772	-197 002	5 136 740
TSSN	0	0	0	60 000
Teknisk drift - sjølvkost	299 838	164 104	-135 734	-400 000
Plan bygg oppmåling	244 225	375 973	131 748	982 562
Brann og oljevern	1 619 598	1 515 983	-103 615	2 551 730
Næring	1 283 311	1 112 350	-170 961	448 214
Næringsfondet	950 000	950 000	0	0
Eigedomsforvaltning	5 768 127	5 336 545	-431 582	8 689 988
	14 468 234	13 532 042	-936 191	18 328 234

Teknisk drift har eit meirforbruk. Årsaken er hovudsakleg at det er brukt meir til ferievikar og ekstrahjelp enn det som var budsjettert. Ny avtale om vaksamarbeid med Stordal kommune vart sett i verk frå 1. april, og det vil gje innsparing for resten av året. Ein har vore forsiktig med vegvedlikehaldet. Prognosen er at ein vil kome i balanse dersom brøyteutgiftene vert som førre års haustsesong.

Teknisk drift sjølvkost har om lag kr 130.000 mindre i gebyrinntekter på vatn enn det som var budsjettert. Det vart lagt inn auke i satsane på fastavgifta for vatn, men det har ikkje gitt ønska effekt. Det vert arbeid med å analysere kva som er årsaken, for at neste års gebyr skal verte mest mogleg korrekt.

Plan, bygg og oppmåling har eit mindreforbruk. Det var budsjettert med eit årsverk som planleggar. Stillinga har vore vakant i rapportperioden. Det er tilsett ny planleggar, så mindreforbruket vil reduserast.

Brannvern har eit meirforbruk. Avgiftene til Direktoratet for naudkommunikasjon er høgare enn det som er budsjettert.

Næringsavdelinga har eit meirforbruk. Strategisk næringsplan gir eit mindre tilskot frå næringsfondet til kommunens eigen drift enn det som opphavleg var budsjettert. Det fører til eit meirforbruk på området. Det var budsjettert med reduksjon i veterinærtenesta, ein reduksjon som ikkje er sett i verk per august.

Eigedomsforvaltning har meirforbruk i forhold til budsjett. Det har denne perioden vore utført arbeid tilknytt Syltebøen barnehage i forbindelse med nedlegging av Fjørå barnehage. Eidsdal skule har fått installert heis. Ferieavviklinga var i år gjennomført på komprimert tid i forhold til tidlegare. Dette sparer ferieavløysing, og ein kjem rask i produksjon igjen. Tilsette med krav om sjetten ferieveke har auka.

Straumutgifter og andre driftsutgifter er per august om lag som budsjettert. Bokførte leigeinntekter på utleigelokale er høgare enn budsjettert.

Prosessen med samanknytning av teknisk drift og eigedomsdrift vert gjennomført i prosessen vi no står i. Det er endringar som vil påverke driftsnivået også for det daglege tenestenivået.

Sektoren har eit vesentleg meirforbruk. Med vedtak om å belaste byggeprosjektet med direkte lønsutgifter vil prognosen på meirforbruk på heile året vere om lag kr 600.000.

2. Investeringar

	Regnskap 2016	Budsjett 2016	Rest/ meirforbruk
120410 EKommune Sunnmøre	0	110 000	110 000
121004 IKT-investeringar	385 624	847 145	461 521
280003 Rullestolrampe Norddal kyrkje	0	110 000	110 000
Sentraladministrasjonen	385 624	1 067 145	681 521
211102 Eidsdal skule - forprosjekt	0	230 000	230 000
Skule og barnehage	0	230 000	230 000
Eidsdal omsorgsbustader -			
340203 arbeidsmiljøtiltak	0	300 000	300 000
345009 Dagsenter demens PLO	0	100 000	100 000
Forprosjekt ombygging			
345010 omsorgsbustader	0	450 000	450 000
Helse og omsorg	0	850 000	850 000
410002 Flytting FDV/brannstadsjon Eidsdal	0	52 354	52 354
420107 Vegkryss Ødegård	293 047	-89 276	-382 323
420111 Fortausparsell på Sylte i Valldal	0	50 000	50 000
Fjernvarmetilknytning -			
420507 idrettshall/kulturhus	0	500 000	500 000
420508 Fjernvarmetilknytning - hotell	0	250 000	250 000
431102 Opparbeiding Murigrandane	0	36 506	36 506
431103 Muriparken	881 914	784 329	-97 585
440301 Hovudvassplan Sylte vassverk	0	2 917 578	2 917 578
440312 Vassverk utbygging	268 440	550 898	282 458
450103 Bilar - kjøp av fleire leasa bilar 2016	478 430	600 000	121 570
460103 Idrettsbane Eidsdal	0	-1 024 436	-1 024 436
461101 Muribugen	0	250 000	250 000
510006 Regulering Omenås bustadfelt	0	150 000	150 000
510007 Tettstadutvikling	0	935 971	935 971
520006 Brannvesen-nødnett	157 651	98 722	-58 929
610010 Produksjonsanlegg varme/kulde	93 755	-420 000	-513 755
612601 Bygg Valldal Fjernvarme AS	0	2 900 000	2 900 000
711110 Hall - flerbrukshall	18 807 094	19 318 264	511 170
711114 Hall - oppgradering kulturhus	568 136	0	-568 136
711402 Syltebøen barnehage - mindre tiltak	149 241	380 447	231 206
TNM	21 697 708	28 241 357	6 543 649
TOTALT	22 083 332	30 388 502	8 305 170

Kommentarar til investeringsbudsjettet

Sentraladministrasjon

Investeringane i eKommune Sunnmøre gjeld digitaliseringsstrategien, og arbeidet med Integrasjon er sett i gang.

IKT-investeringane er i gang. Planlagt kvalitetssystem vert forskyve fram til 2017 da det ikkje har vore kapasitet til å starte på dette.

Løyvinga til Rullestolrampe Norrdal kyrkje er sett på vent. Tilbodet kyrkjeleg fellesråd fekk var langt over det budsjetterte, og soknerådet har vore tvilande til at det ville koste så mykje som tilbodet var på.

Skule og barnehage

Forprosjekt Eidsdal skule er ikkje starta opp. Skulesjefen vil ta initiativ til å kartlegge behovet.

Helse og omsorg

Arbeidsmiljøtiltak ved Eidsdal omsorgsbustader: Det er ikkje avklart kva som skal gjerast, og midlane må overførast til neste år.

Planane for Dagsenter demens PLO vil verte klare før jul. Løyvinga må overførast neste år.

Forprosjekt ombygging omsorgsbustader: Det vil ta fleire månader før reelt behovsgrunnlag er klart. Pleie og omsorg er for tida pressa på kapasitet da dei gjennomfører prosjekt for å få ned sjukefråveret.

TNM

Dei prosjekta som har eit negativt budsjett-tal er ferdige investeringar der vi ventar på tilskot.

Ein har ikkje indikasjon på vesentleg meirforbruk på prosjekta. Prosjektrekneskap for Martin Linge huset er lagt fram i eiga sak.

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Norddal kommune

Dato: 22.11.2016

**SAK 22/16
VEDKOMANDE BUDSJETT 2017 - NORDDAL KONTROLLUTVAL**

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følge formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapa sine budsjett blir vedteke av selskapa sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Norddal kontrollutval sine lokale utgifter. Disse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggst i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde og blir ikkje omfatta i denne spesifikke saka og bygg på satsar vedtekne i Norddal kommune. Dette budsjettoppsettet derimot vil omfatte kurs og opplæringsutgifter samt reiseutgifter knytt til desse.

Det er viktig at kontrollutvalet får halde seg ajour kunnskapsmessig. Nyten av å treffe kontrollutval i andre kommunar og fagmiljø er stor og kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalkonferansen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalkonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør delta.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 30.000,00.

Harald Rogne
dagleg leiar